

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/21	Eldrerådet	PS	15.04.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/203

Innspel til trafikksikringsplanen

Vedlegg:

Innspel til Trafikksikringsplanen

Synfaring med Rådet for menneske for nedsett funksjonsevne

Oppstart av arbeid med kommunal trafikksikringsplan i Austrheim kommune- Innspel

Oppstart av arbeid med kommunal trafikksikringsplan i Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Framlegg i møtet:

Eldrerådet støttar prioriteringane til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, og Husmorlaget. Dette er:

- Løysing for fortau frå Nordliheimen til Seniorsenteret, på den sida av fylkesvegen.
- Fotgjengarovergang ved Samfunnshuset, der gangvegen skiftar side av fylkesvegen.
- Betre lys på feire fotgjengarovergangar, slik ein har det på plass i Åråsdaalen.
- Utbetring av eit lite oversiktleg punkt langs fylkesveg 565, ved Austrheimsvegen 867.

Eldrerådet - 010/21

ER - behandling:

Leiar Gro Johannessen viste til at RMNF har prioritert ei betre løysing ved Seniorsenteret/Nordliheimen, der det manglar fortau, og overgang ved Samfunnshuset. Husmorlaget har peika på dei same, samt betre lys på ulike fotgjengarovergangar slik det er i Åråsdaalen, samt at det er vanskeleg å passera trygt forbi Austrheimsvegen 867.

Johannessen spurte om Eldrerådet kan støtta det frå RMNF og Husmorlaget, evt. tillegg.

Solveig Hopen viste til at det er gjort mykje på Kaland/Fonnes, der det berre er Vardebrua som manglar.

Møtesekretæren sa at det er lova 200.000 frå Vestland Fylkeskommune til ei løysing ved Nordliheimen og Seniorsenteret, og at administrasjonen ser for seg ei løysing som tar både fortau og ny innkjøring til Seniorsenteret.

Ivar Bergsvik sa at han støttar framlegget om at Eldrerådet støttar RMNF og Husmorlaget sitt innspel.

Idar Hopland spurte om det er mogleg å gjera noko med vegløyninga forbi seniorsenteret for å gje betre sikt.

Handsaming i Eldrerådet:
Samrøystes for felles framlegg til vedtak.

ER - vedtak:

Eldrerådet støttar prioriteringane til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, og Husmorlaget. Dette er:

- Løysing for fortau frå Nordliheimen til Seniorsenteret, på den sida av fylkesvegen.
- Fotgjengarovergang ved Samfunnshuset, der gangvegen skiftar side av fylkesvegen.
- Betre lys på feire fotgjengarovergangar, slik ein har det på plass i Åråsdaalen.
- Utbetring av eit lite oversiktleg punkt langs fylkesveg 565, ved Austrheimsvegen 867.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Austrheim kommune har starta arbeidet med revisjon av trafikksikringsplanen (sjå vedlegg).

Eldrerådet er invitert med å komma med sitt innspel. Det er avklara at det er OK at det kjem etter fristen.

Innspelet frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) ligg ved.

Konklusjon

Eldrerådet sitt innspel er: